

● Folkemøte om attgroing og avfolking i verdsarvområda

– Kven skal ta rekninga?

Konsekvensane av eit gjengrodd kulturlandskap i verdsarvområdet kan truge verdsarvstatusen. Kan sveitsisk landbrukspolitikke vere redninga for området?

Verdsarvskulen i Eidsdal underheldt med song før Terje Devold frå Fjord Norge opna folkemøtet.

Devold poengterte at Noreg er kjend utanlands for to ting, fisk og fjord. Samarbeid mellom landbruk, næringsliv og lokalbefolkning om å halde kulturlandskapet opent er svært viktig. Å halde kulturlandskapet opent var som venta hovudtema under møtet.

Ikkje lokalt ansvar

Forvaltning av verdsarvområdet er ikkje og kan ikkje vere eit lokalt eller kommunalt ansvar, sa Devold.

Monja Muren Mjelva representerte reiselivsnæringa og etterlyste handling og samarbeid mellom næringane. Utfordringar rundt kulturlandskap og økt turisme i verdsarvområdet er fleire.

Kriterier for verdsarvstatus

Det vart tidleg slått fast at det å halde kulturlandskapet opent er viktig for statusen til Verds-

arvområdet. Merete Løvoll Rønneberg frå Verdsarvstiftinga Geirangerfjord Verdsarvstilte spørsmål om verdsarvstatusen kunne gå tapt dersom kulturlandskapet gror igjen.

– Nei, den vil nok ikkje gå tapt, men det vil vere ein skamplott for området, seier Løvoll og legg til at småskala, husdyrbasert landbruk er beste måten å halde kulturlandskapet opent.

Naturskjønnheit er eit av kriteria som gir området verdsarvstatus. Kulturlandskap ligg under dette kriteriet. Det spesielle med vårt verdsarvområde er at det både historisk og no er busetnad i området. Eit område skal ha identitet og ein heilheit for å oppfylle kriteria for å få verdsarvstatus.

Fellestrekk

Verdsarvrådet og næringssejefane i Stranda og Norddal kommune har sett mot den sveitsiske landbruksmodellen for vidare arbeid mot attgroing. Christian Anton Smedshaug frå Agri Analyse har utarbeida "Den sveitsiske modellen for fjellandbruk – matforsyning og fellesgode likestilt" som samanliknar norsk og sveitsisk landbruk.

– Sveitsisk landbrukspolitikke er meir detaljstyrt enn den norske og siktar seg inn på det særreigne. Sveits har ein landskapsform lik Noreg og land-



FRAMTIDA: Korleis skal ein hindre attgroing og avfolking i verdsarvområdet? Kan ein nytte Sveits sin politikk for landbruket som modell i Geiranger? Dette var blant temaene oppe til diskusjon i eit folkemøte om kulturlandskapet i Eidsdal førre veke. ARKIVFOTO

brukspolitikken i Sveits gagnar landbruk i brattlendt terreng, fastslår Smedshaug.

Dette vert eit godt reiskap for å fange opp utfordringane verdsarvområdet har når det gjeld attgroing.

Hent fram det lokale

I meir enn 40 år har Christian Zurbuchen frå Sveits budd i Noreg. Zurbuchen fortalde varmt om tradisjonane i sveitsisk landbruk og om kor stolt folket er av landbruket sitt. Han vil gjerne sjå meir av dette i Noreg.

Meir lokalt produsert og kortreist mat både i butikkhyller og restaurantar var ønsket, men han skryt av Stranda Hotell sin ostetallerken som bestod av ostar frå heile fylket.

Oppglødd diskusjon

Når det mot slutten vart opna for diskusjon og spørsmål frå salen var det fleire som tok til orde om utfordringane ved landskapspleie i området. Økonomi og rovdyrpolitikk var det mest sentrale når bønder vurderer vidare drift eller ned-

legging. Å ligge innanfor eller utanfor randsonene av verdsarvområdet kan gjere store utslag frå tilskotsordningane.

Konklusjonen etter møtet er at eit vidare arbeid med det sveitsiske landbruket som modell er ønskeleg. Det er sett av pengar til eit slikt pilotprosjekt og verdsarvrådet i samarbeid med lokale bønder og næringslivet vil vere viktige bidragsytarar til dette arbeidet.

EIVIND LOUIS HELSET
eivind@sunnmoringen.no

Ny garasjeport eller solskjerming? **GRATIS BEFARING**
911 50 200
fasadeprodukter.no

GODE HØST-TILBUD!

Fasade
PRODUKTER

MARKISER - SCREENS - INTERIØRGARDINER - GARASJEPORTER

LAVSESONGPRISER NÅ!

- Utvendig solskjerming
- Interiørgardiner

kjells markiser

MARKISER PERSIENNER SCREEN INTERIØR

GRATIS befaring/tilbud: 95 300 800 - kjellsmarkiser.no

PLISSÉGARDINER

inntil **30%** rabatt*

*På utvalgte produkter til 31/10
Vi leverer over hele landet!
Gratis befaring: ☎900 90 100

SCANDIC
- et soleklart valg

www.scandic.no

MARKISER - SCREENS - INTERIØRGARDINER - GARASJEPORTER

GARASJE-PORTER

-30%

01.10. - 11.11.

TILPASSET NORSKE FORHOLD

GRATIS BEFARING
911 50 200
fasadeprodukter.no

Fasade
PRODUKTER

Lokal leverandør siden 1995 gir trygghet for god handel!

S TORG

Vi lanserer **TORG**
– vårt nye annonsetorg

Bestill din annonse på **torg.sunnmoringen.no**
Den kjem både på nett og i papiravisa.



* Annonsane må bestillast og betalast i sjølvbeteningsløyisinga på nett.